



Rauland Historielag

Adresse: 3864 RAULAND  
Bankgiro: 2620.27.18204  
Org.nr 988 712 426  
E-post: mail@raulandhistorielag.no

Rauland, 5. mars 2015

## Vedtekter for Rauland Historielag.

1. Rauland Historielag er eit lokalhistorisk lag. Medlemskapet er ope for alle.
2. Føremålet med laget er:
  - a) Å arbeide for at alt av historisk interesse i bygdi vert teke vare på og verna om.
  - b) Å vekkje, auke og spreie interessa for og kunnskap om historia i Rauland.
3. Arbeidsoppgåvene til laget er:
  - a) Organisere og leie lokalhistorisk arbeid, møte, kurs, utflukter, registreringar, innsamling av munnleg tradisjon og anna av historisk interesse.
  - b) Arbeide for at det vert gjeve ut historiske skrifter med lokalhistorisk innhald.
  - c) Arbeide for vern av kulturminne av alle slag i bygdi.
  - d) Samarbeide med skulen og andre lag, til dømes andre historielag og Telemark Historielag.
4. Årsmøtet er øvste organet for laget. Det bør haldast innan utgangen av mars månad. Årsmøtet må kunngjerast i lokalpressa minst tre veker i førevegen. Årsmøtet skal handsame desse sakene: årsmelding, rekneskap, medlemskontingent, val av leiar og styremedlemmer, revisor og andre tillitsvalde. Saker som skal fram på årsmøtet, må ha kome inn til styret skriftleg minst ei veke før møtet.
5. Laget skal ha eit styre på åtte (8) medlemmer: leiar, nestleiar, sekretær, kasserar, to (2) styremedlemmer og to (2) varamedlemmer. Styret blir valt for to (2) år om gongen, slik at fire (4) er på val eit år og fire (4) det neste året. Valnemnd på tre (3) personar har ei funksjonstid på to (2) år, og er på val vekselvis ein (1) og to (2) personar. Revisorar, to (2) personar med funksjonstid to (2) år, ein (1) er på val kvart år. Styret er vedtaksført når minst fire (4) medlemmer er til stades og det er innkalla på vanleg måte.
6. Oppløysing av laget kan ein berre avgjera på eit årsmøte etter etter samrøystes vedtak. Forslag om oppløysning må ha kome med i innkallingi/kunngjeringi. Det laget eig kan overførast til andre lag i bygdi. Arkivet til laget skal gå inn i lokalarkivet.
7. Framlegg til endring av vedtektene må ha kome til styret minst tre (3) veker før årsmøtet. Endring av vedtektene kan ein berre gjere på eit vanleg årsmøte, og det krev 2/3 fleirtal.
8. Styret er pliktig til å føre møtebok.

Vedtektene er godtekne på årsmøtet 27.03.1986.